

## Leirdalen.



Av Olav Sande.

Naar du vil til Jostradalen og fer framigjenum fraa Rumnøy, kjem du til ein gard, som heiter *Leirmo*. Der kjem det ned ei elv, som heiter *Leirdøla*. So kjem fraa *Leirdalen*. Denne dalen er bratt paa baae sidur, til desz det ber fram aat gardarne; daa vert han litt flaa-are og flatare. Han er upp til 30 kilometer lang. Fyrst gjeng han mot nordvest, sidan mot nord framansyr *Leirdalsvatnet* og hev ein heil deil busfug — mest bjørk —, men intje furesfug. Der er 4-5 gardar og nokre husmannsplassar. Folki bur heimansyr vatnet. Det er ein halv fjordung langt paa lag og lika breidt. Baade i det og i den vesla tjørni, som ligg trast framansyre, er der fiff. Paa nordre sida aat vatnet er der eit høgt berg, som heiter *Rabnaberget*. Framansyr vatnet kallast dalen *Tunsbergdalen* etter eit berg paa austre kanten, som heiter *Tunsberg*. Ein arm af den store Jostradalsbreiden slyt seg paa lag 20 kilom. heim igjenum dalen og kallast *Tunsbergbreiden*. Han er ikkje litet tjukk og høg, daa dalen er djup der framme.

I fyrrre tider skulde der ogsø bu folk der i *Tunsbergdalen*. Millum andre skulde der bu ei, som het *Thora Tunsberg*. Men det var visst fyrr den tid den aalmenne, vesle, nyttuge bok, me kallar *almanakken* var komi i kvar manns hus; var vel det og fyrr den tidi, daa folk tok til aa verta *boklærde* fring avtrokarne. Nog er det: folk der framme vitste ikkje skile «aarsens lidelse». Det leid nog alt til jolabelgi, og henne vilde dei naturlegvis ikkje sleppa framum seg utan bryggjing og baking, gjestabod og gaman. Skulde so ho *Thora* heim i dalen aa spyrja, for langt det leid. Det var is paa vatnet. Daa ho var komi heim paa det, det vil segja væl midtveges, ropad det ned fraa berget og spurde, kvar ho vilde av. «Eg vil heim i dalen aa spyrja, forleng det er til joli,» svarade ho. Daa ropad det nedatt ovan berget:

«Gnu framatt, LabbaThora! d'er nætadn tri og dagadn tvo til jolo.»

Trolli vitste tidi, dei, og stundad vel til jolasferderna sina. Og so tykte dei vel, ho *Thora* gjekk labbutt og seint, dei, som stødt tek slike lange stig.

\* \* \*